

Kan verta ein strålande tirsdagskveld på Stemnepllassen.

13.06.2016



Musikklaget hadde ein herleg øvingskveld på Stemnepllassen mandag.

Alt teiknar til at det vert ein nydeleg kveld med song, musikk og noko attåt på Stemneplassen tirsdag. Kristian Bringedal lovar at alt program er i rute, og i kveld, mandag, var musikklaget på plassen og finpusa sitt program. Det er også lova minst like fint ver i morgen kveld så då vert den delen kort sagt perfekt.

Det var ein svært velstelt Stemneplass som møtte musikarane då dei stilte til øving. Ove og Anne Karin Myhre hadde vore og slått og stelt plassen tidleg på dagen. Musikklaget fekk ei herleg øving i behageleg og god sommartemperatur sjølv om dei starta øvinga kl.20. Tirsdag skal dei spela to korte avdelingar kvar på 4 nummer med sommarlett musikk.

Innimellanom musikken skal Reidar Myklebust kåsera om **Det rytmiske mennesket og helse**. Bjørgulv Eik vert general for hesteskokastinga. Dermed skulle den vera sikra både spenning og underhaldning. Loddsal vert det også, og der vert det trekking i beste Kristian Bringedal-stil med gevinstar tilpassa vinnarane. Kristian skal også styra allsongen saman med Svein Rimestad. Det vert garantert stemningsskapande når det svalande trekken pustar litt i tretoppene rundt.

Musikklaget vil også gjera kjent kven som er dei heldige vinnarane i sykkellopperiet som dei har selt lodd på siste vekene.

Då er det å håpa på godt med folk, for dette teiknar til å verta ein skikkeleg koseleg forsommarkveld. Programmet startar kl.19 og passar både for små og store.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal